



Lindås VVS AS
Postboks 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7707 - 15/4396

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.02.2015

Oppsummering etter møte - søknad om utsleppsløye for gbnr 124/24, 25, 26 Kjeilegavlen.

Lindås kommune viser til møte om saka 5. februar, skriv som gjeld trong for tilleggsdokumentasjon datert 16.01.15 og innlevert dokumentasjon på etablert vassleidningsnett i området.

I møtet vart det gått gjennom dei ulike tema som vart tatt opp i kommunen sitt skriv av 16.01.15. Det kom ikkje fram noko nytt i forhold til det som er skildra i dette skrivet og ytterlegare kommentar vert ikkje gitt.

Når det gjeld innlevert dokumentasjon i høve godkjenning av etablert vassleidning, kan ikkje kommunen sjå at etablering av leidningen er godkjend etter reglane i plan- og bygningslova. Eventuell vidare saksgang for legalisering av den etablerte leidningen vert å ta opp med Lindås VVS AS som eiga sak.

Kommunen vil handsama søknadane som gjeld gbnr 124/24, 25 og 26 når naudsynt dokumentasjon ligg føre. Vi gjer merksam på at utsleppsløye kan gjevast når tilstrekkeleg dokumentasjon er på plass uavhengig av status for søknaden som gjeld etablering av vassleidning.

Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gunn Kvalvågnes

Keilevegen 97 B 5953

FONNES

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Mottakarar:
Lindås VVS AS

Postboks 42 5951

LINDÅS